

Sivlen 15/12 - 1963

# Mot jol

Tone: Ytterst mot Norden —

Dagane stuttnar. Den strålende sol  
lågare bana si bøygjer,  
Meire di lenger det lid i mot jol,  
Maktlaus ho armane tøygjer —  
Stormen og myrkret frå ishav og pol  
drep og øyder

Ljoset og varmen ser ut å ta slutt —  
— Tenk om ei ulukka hender? —  
Sjæli vil fyllast av otte og sut  
Oppover, sukket Du sender.  
Men, når det myrkast og vonlaust ser ut:  
Soli vender.

Syndi sitt myrker det råde på jord.  
Folki i ulukka raga:  
Sjæli var sulka, forvend og forgjord.  
Satan han Allheimen plaga.  
Då kom vår frelsar ned med Guds Ord  
Og det dåga!

Johs. M. L. Rydland.